



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

# VURDERINGSRAPPORT

## BOLSTAD BARNEHAGE



Bolstad barnehage og skule, rektor Svein Mykkeltvedt, tlf 56 52 11 71  
[Svein.mykkeltvedt@voss.kommune.no](mailto:Svein.mykkeltvedt@voss.kommune.no)

23.11.09 - 26.11.09



## 1 – Føreord

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om barnehagen

Bolstad barnehage er ei felles eining med Bolstad skule med felles leing og lokalisert i Øvstedalsvegen 3, ca 1,3 km frå Bolstad sentrum. Bolstad er ein lita bygd med grisgrendt busetting. Skulen har 31 elevar fordelt på 3 klassar. Skulen er eit samlings-punkt for bygda også i fritida. Barnehagen har lokale i kjellaren i skulebygget. Ein del av det godkjente arealet er felles med skulen (gymsalen). Barnehagen har eit avgrensa uteområde inn forbi skulen sitt uteområde, men har god tilgang til skog og sjø. Barnehagen vart samlokalisert med skulen og nyoppussa i 2007. Lokalet er lyst, triveleg og godt utstyrt. Barnehagen har pr. i dag 13 born i alderen 1-5 år, men er godkjend for 18 plassar. Arealet som barnehagen disponerer fullt ut utgjør berre 2,5 m<sup>2</sup> pr godkjent plass.

Barnehagen har 4 tilsette. 2 pedagogiske leiarar, ein i 80% og ein i 20%. 2 assitentar i 80% stillingar og ein ekstraressurs på 20%. Den eine pedagogen har også administrativt ansvar, 8%. Rektor har administrativt ansvar og har avsett 8% av stillinga si til dette.

Bolstad barnehage og skule har felles verksemdsplan, årsplan, kursplan og informasjonshefte. For barnehageåret 2009/2010 er satsingsområde for barnehagen matematikk – antal, form og rom. Auka fokus på brukarmedverknad, både i høve til born og foreldre, er forankra i årsplan. Det er og eit kontinuerlig arbeid med samarbeidsutvikling mellom skulen og barnehagen.

## 3 – Vurderingstema

Bolstad barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

**Born og foreldre/føresette har synlege medverknad i planar og aktivitetar.**

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for begrepet: Tidligere var det vanlig å samle på glansbilder. Englene med glitter på vingene, var de spesielt vakre. Ingen vet eksakt hvordan engler ser ut, men en kunne vel ønske at de så ut som på gamle glansbilder!



## Glansbilde

**Tema:**

**Born og føresette har synlege medverknad i planar og ativitatar.**

Kriterium	Teikn på god praksis
<p>Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p><i>Rammeplan for barnehage 2006, s.47og 49</i></p> <p><i>"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon."</i> <i>(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet har god kjennskap til rammeplanen og barnehagen sine planar.</li> <li>❖ Det er sett av tid til refleksjon og drøfting av barn og føresette sin rett til medverknad.</li> <li>❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet</li> <li>❖ Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådde resultat.</li> <li>❖ Barnehagen har ein langsiktig kompetansehevingsplan</li> </ul>
<p>Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar</p> <p><i>"Å ta barns medvirkning på alvor forutsetter god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldrene."</i> <i>Rammeplanen 1.5 s. 14: Barns medvirkning</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet er medvitne på barn og føresette sin rett til å påverka barnet sin kvardag.</li> <li>❖ Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering.</li> <li>❖ Personalet drøftar barns medverknad og autoriteten til dei vaksne.</li> <li>❖ Personalet tek seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor.</li> <li>❖ Personalet kan overfor føresette gjera greie for barnehagen sin pedagogiske verksemd</li> </ul>
<p>Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.</p> <p><i>" Med samarbeid menes regelmessig kontakt der informasjon og begrunnelser utveksles. Spørsmål knyttet til barns trivsel og utvikling samt barnehagens pedagogiske virksomhet skal drøftes"</i></p> <p><i>Rammeplanen 1.6 s. 14 Samarbeid med barnas hjem</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Føresette vert møtt med respekt</li> <li>❖ Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.</li> <li>❖ Føresette får høve til aktiv deltaking i barnehagekvardagen</li> <li>❖ Føresette får høve til å påverka årsplan og andre plandokument</li> <li>❖ Foreldre er aktive i foreldreråd og samarbeidsutval</li> <li>❖ Det er sett av tid til felles refleksjon og vurdering saman med foreldra</li> </ul>
<p>Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd</p> <p><i>"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar."</i> <i>Rammeplan for barnehage 2006, s.49</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Barna gjer egne val i kvardagen (aktivitetar, rom og vener)</li> <li>❖ Barna sine verbale, kroppslege og emosjonelle uttrykk vert tekne på alvor</li> <li>❖ Barna deltek i planlegging</li> <li>❖ Barna har synleg påverknad på planar og aktivitetar</li> <li>❖ Barneintervju og barnemøte vert gjennomført regelmessig</li> </ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga


- Interne: Rektor/styrrar, personale, foreldre i foreldremøte og 4 5-åringar i gruppeintervju.
- Eksterne: Magni Kristiansen og Torunn Pedersen Polden

Grunngjeving for val av informantar:

Det valde vurderingsområdet vedkjem både personalet, borna og dei føresette i barnehagen. Difor er det viktig å involvera alle desse i vurderingsarbeidet.

## 6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.





## TIDSPLAN for vurdering av [Bolstad barnehage, Voss kommunen](#)

Tid	Aktivitet	Ansvar
23.06.09	- Tildeling av barnehage	Vurderarane
30.07.09	- Utsending informasjon	Torunn
21.08.09	- Oppfølging pr telefon	Torunn
Innan 22.09	- Ståstadsanalyse - Senda inn resultat samt årsplan og evt anna dokumentasjon	Barnehagen
22.09.09	- Oppstart informasjonsinnhenting og analyse - Vurdera ståstadsanalyse - Starta glansbiletearbeid	Vurderarane
15.10.09	- Glansbilete - Senda utkast til barnehagen i veke 42	Vurderarane
19.10.09	- Gjennomgå Glansbilete	Barnehagen
23.10.09	- Retur glansbilete	
26.10.09	- Intevjuguider - Observasjonsskjema - Møteinnkalling til foreldremøte 23.11.09	Vurderarane
13.11.09	- Oversending av tidsskjema og innkalling	Torunn
16.11.09	- Utsending av innkalling til foreldremøte	Rektor/styrrar
Vurderingsveke: veke 48		
22.11.09	- Oppmøte kl 19 på Fleishers hotell, Voss - Gjennomgang av planar og arbeidsmaterielle	
23.11.09 kl 8.30	- Frammøte i barnehagen - Samtale med rektor/styrrar - Observasjon	Magni
kl 12.30	- Barneintervju (5-åringane) - observasjon	
kl 14.00	- Samtale rektor/styrrar	
kl 19.30	- Foreldremøte	Torunn
24.11.09 Kl 8.00	- Observasjon	Magni
Kl 10.00	- Intervju assistentar/ped.leiar 2	
Kl 12.30	- observasjon	
Kl 14.00	- Intervju med ped.leiar 1	Torunn
25.11.09 Kl 9.00	- Observasjon	
Kl 12.00	- Intervju med rektor/styrrar	Torunn
Kl 13.00	- Observasjon	
Kl 14.00	- Samtale med ped.leiar 1	
Kl 15.00	- Observasjon	
26.11.09 Kl 14.00	- Ferdigstilling rapport - Formøte med rektor/styrrar	
Kl 16.15	- Personalmøte	Torunn/Magni
01.06.10	- Styrrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. - Orienterer det politiske fagutvalet	Barnehagestyrrar



## 7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstansskjema og dokumentanalyse

### **Dokument- og resultatanalyse**

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

### **Samtaleguidar**

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

### **Møte med føresette**

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldre/føresette i foreldremøte.

### **Møte med rektor/styrar**

Rektor/styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

### **Observasjon**

Me observerte i kvardagssituasjonar inne på avdelingane og ute.



## Vurdert Glansbilde

**Tema:** Born og føresette har synlege medverknad i planar og ativitatar.

Kriterium	Teikn på god praksis
<p>Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p><i>Rammeplan for barnehage 2006, s.47og 49</i></p> <p><i>"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon."</i> <i>(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet har god kjennskap til rammeplanen og barnehagen sine planar.</li><li>❖ Det er sett av tid til refleksjon og drøfting av barn og føresette sin rett til medverknad.</li><li>❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet.</li><li>❖ <b>Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet.</b></li><li>❖ Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådde resultat.</li><li>❖ Barnehagen har ein langsiktig kompetansehevingsplan.</li><li>❖ <b>Barnehagen har ein langsiktig kompetansehevingsplan.</b></li></ul>
<p>Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar</p> <p><i>"Å ta barns medvirkning på alvor forutsetter god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldrene."</i> <i>Rammeplanen 1.5 s. 14: Barns medvirkning</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet er medvitne på barn og føresette sin rett til å påverka barnet sin kvardag.</li><li>❖ Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering.</li><li>❖ <b>Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering.</b></li><li>❖ Personalet drøftar barns medverknad og autoriteten til dei vaksne.</li><li>❖ <b>Personalet tek seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor.</b></li><li>❖ <b>Personalet tek seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor.</b></li><li>❖ Personalet kan overfor føresette gjera greie for barnehagen sin pedagogiske verksemd</li></ul>
<p>Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.</p> <p><i>"Med samarbeid menes regelmessig kontakt der informasjon og begrunnelser utveksles. Spørsmål knyttet til barns trivsel og utvikling samt barnehagens pedagogiske virksomhet skal drøftes"</i></p> <p><i>Rammeplanen 1.6 s. 14 Samarbeid med barnas hjem</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Føresette vert møtt med respekt</li><li>❖ Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.</li><li>❖ <b>Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.</b></li><li>❖ Føresette får høve til aktiv deltaking i barnehagekvardagen</li><li>❖ Føresette får høve til å påverka årsplan og andre plandokument</li><li>❖ <b>Foreldre er aktive i foreldreråd og samarbeidsutval</b></li><li>❖ <b>Foreldre er aktive i foreldreråd og samarbeidsutval</b></li><li>❖ Det er sett av tid til felles refleksjon og vurdering saman med foreldra</li></ul>



<p>Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd</p> <p>"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar." <i>Rammeplan for barnehage 2006, s.49</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Barna gjer eigne val i kvardagen (aktivitetar, rom og vener)</li><li>❖ Barna sine verbale, kroppslege og emosjonelle uttrykk vert tekne på alvor</li><li>❖ Barna deltek i planlegging</li><li>❖ <b>Barna deltek i planlegging</b></li><li>❖ <b>Barna har synleg påverknad på planar og aktivitetar</b></li><li>❖ Barna har synleg påverknad på planar og aktivitetar</li><li>❖ Barneintervju og barnemøte vert gjennomført regelmessig</li></ul>
-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium:

**Barnehagen er ein lærande organisasjon**  
(Rammeplan for barnehagen 2006 s. 47 og 49)

***Personalet har god kjennskap til rammeplanen og barnehagen sine planar.***

Alle er eining i at barna gjer eigne val i kvardagen.

***Det er sett av tid til refleksjon og drøfting av barn og føresette sin rett til medverknad.***

Alle er eining i at det er sett av tid til refleksjon og drøfting.

***Leiinga gir fagleg støtte***

Alle seier at ped.leiar gjev fagleg støtte til sine medarbeidarar. Vurderarane ser fagleg dokumentasjon i form av oppslag, permar og referansar til kurs. Me møter eit svært reflektert og profesjonelt barnehagepersonell. Det kjem tydeleg fram at dei har arbeida mykje med pedagogisk haldnings arbeid, fagtema kring satsingsområde og relasjonar mellom vaksen og barn.

Rektor er medviten på sin manglande kompetanse på barnehagefeltet og kompenserar ved å senda ped.leiar på fagleg nettverk, LUIB og legg tilrett for at ho skal kunna delta i eksternt vurderingsarbeid.



***Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådde resultat.***

Alle er eining i at barnehage/skule har gode rutinar for vurdering for skuleelevar, føresette og personale.

***Barnehagen har ein langsiktig kompetanseplan.***

Personalet kjenner til den kommunale kompetanseplane og kompetansedelen av årsplanen.

**Kriterium:**

**Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar.**

(Rammeplan 1.5 s.14 Barns medvirkning)

***Personalet er medvitne på barn og føresette sin rett til å påverka barnet sin kvardag.***

Alle er einige om at personalet er medvitne på dette.

***Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering.***

Vurderarane ser at det er sett av tid til barnemøte både i verksemdsplan/årsplan, halvårsplan og i månadsplanar, og at desse vert gjennomført. Me høyrer også at det vert referert til avtalar som er gjort i barnemøte.

Barneintervju står også omtala i verksemdsplan/årsplan og i halvtårsplan. Personale seier at dei gjennomfører barneintervju og ped.leiar seier at ho refererer til desse i foreldresamtaler.

***Personalet drøftar barns medverknad og autoriteten til dei vaksne.***

Personalet seier at dei ofte drøfta temaet. Vurderarane høyrer at dei er svært refektert i samtaler med borna.



***Personalet tek seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor.***

Alle er eining i at personalet lyttar.

Vurderarane ser at fleire av foreldra sine innspel er tekne til fylgje, slik som at borna vaskar hender når dei kjem om morgonen for å redusera smittefare og at forslagskasse er hengt opp.

Ped.leiar seier at ho går gjennom spørsmåla i barneintervjua med foreldra i forkant av intervjurunden.

Organisasjonen har også prosedyrar for å fylgja opp brukarundersøkingar i form av handlingsplanar.

***Personalet kan overfor føresette gjera greie for barnehagen sin pedagogiske verksemd***

Alle er eining i dette. Foreldra seier at dette skjer i hovudsak på foreldremøte og i foreldresamtalar.

**Kriterium:**

**Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.**  
(Rammeplan 1.5 s.14 Barns medvirkning)

***Føresette vert møtt med respekt***

Alle er eining i dette.

***Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.***

Føresette får informasjon i det daglege, gjennom månadsplan, månadsbrev, dagtavle, fotomontasjar, digitalramme, felles aktivitar og møter.

***Føresette får høve til aktiv deltaking.***

Alle er eining i at føresette har høve til å delta i barnehagen sitt daglege virke.



*Føresette får høve til å påverka årsplan og andre plandokument.*

Det er lagt til rette for aktiv deltaking gjennom foreldremøter og brukarundersøkingar.

*Foreldre er aktive i foreldreråd og samarbeidsutval.*

Alle er eining i at det har vore auka aktivitet denne hausten.

*Det er sett av tid til felles refleksjon og vurdering saman med foreldre.*

Det er lagt til rette for dette i møte og brukarundersøkingar.

### **Kriterium**

### **Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.**

(Rammeplan for barnehage 2006 s. 49)

*Barna gjer egne val i kvardagen.*

Alle er eining i at barna gjer egne val i kvardagen.

*Barna sine verbale, kropslege og emosjonelle uttrykk vert tekne på alvor.*

Alle er eining i at dette skjer.

*Barna deltek i planlegging*

Personalet seier at borna er med å planleggja. Vurderarane høyrer at borna vert spurd om kva dei vil gjera i julemånaden og kor dei likar å gå på tur.



### ***Barna har synleg påverknad på planar og aktivitetar.***

Personalet seier at dei er med vitne på dette og nyttar informasjon frå barnemøte når dei skriv månadsplan. Dagsrytmen kan endrast i samsvar med innspel frå barna.

Foreldra ser tydleg at barna sine interesser vert reflektert i f.eks satsingsområde:

- ”Ungane likar det.”
- ” Det er kjempe positivt.”
- ” Denne rosen må dei få”

### ***Barneintervju og barnemøte vert gjennomført regelmessig.***

Personalet seier at dei gjennomfører barnemøter ein gong pr månad og barneintervju 2 gonger i året. Barna seier og at dei tykkjer det er kjekt med barneintervju, og dei refererer til barnemøte.

Vurderarane ser at barnemøte vert gjennomført og referat heng synleg i barnehagen.





## 9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium:

### **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

(Rammeplan for barnehagen 2006 s. 47 og 49)

*Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet.*

Rektor, som er styrar for barnehagen i tillegg til skulen, har ein meir praktisk og administrativ rolle enn ein fagleg rettleiar. I og med at ped.leiar sit inne med den faglege biten og har den daglege kontakten med barnehagen, blir det ho som også gir det øvrige personalet den faglege tilbakemeldinga. Ped.leiar får sjølv ikkje fagleg rettleiing av sin overordna.

Mykje av det administrative barnehagearbeidet fell såleis på ped.leiar. Foreldre og personalet ynskjer at ped.leiar er meir tilstades. Vurdrarane ser også at ped.leiar er den som er minst på avdelinga den tida barna er der.

Det er ikkje sett av nok tid til alt administrasjonsarbeid, og den tida som er sett er i det daglege ikkje kompensert med anna personell. Kommunen har halvert barnehagen si administrasjonstid etter at barnehagen vart slått saman med skulen. Dette inneber at også rektor har avsett lite tid til barnehagen.

Vurderarane ser at det trengs meir tid til administrasjon enn det som er avsett.

*Barnehagen har ein langsiktig kompetansehevings plan*

I tillegg til det som står om kompetanseutvikling i verksemdsplan og årsplan, viser det seg at Bolstad skule og barnehage har ein eigen verksemdsplan for barnehagen, som blant anna seier noko om barn med adferdsproblem. Den er det stort sett berre rektor som kjenner til.

Barnehagen sin eigen kompetanseplan må gjerast kjend for personalet.



**Kriterium:**

**Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar.**

(Rammeplan 1.5 s.14 Barnas medvirkning)

*Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering.*

Vurderarane ser at det var sett av tid til planlegging i lag med barna, men det vart ikkje lagt like stor vekt på vurderingsbiten. Dermed går ein og glipp av den læringa som etterarbeidet og tilbakeblikket av eit prosjekt gir.

Personalet har mange tankar om gjennomføring av vurdering, men fordi det ikkje er avsett mykje tid til vaksen planlegging, er det meste på tankestadiet. Avdelingsmøter på dagtid er 1 t. pr .mnd. og det er ikkje kome skikkeleg i gang. Ellers er det 2 t. personalmøte pr. mnd.

**Kriterium:**

**Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.**

(Rammeplan 1.5 s.14 Barns medvirkning)

*Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.*

Det er ikkje alltid så lett å få gitt den daglege, direkte tilbakemeldinga når barnet vert henta. Ofte kjem mange foreldre til same tid og like før stengetid.

Når det gjeld den daglege dokumentasjon på tavla, kunne ein og skrive litt meir om opplevingane knytt opp til fagområda. T.d. kva såg me i skogen, kvifor går me i skogen, kva utbytte har dei ulike aldersgrupper av skogsturen, osv.

Det hang heller ikkje synleg dagsrytme og månadsplan i inngangspartiet. Tavlebruken kunne vore meir strukturert, dermed ville den og ha vorte meir oversiktleg.

*Foreldre er aktive i foreldreråd og samarbeidsutval*

Foreldra meinte sjølv dei kunne bli litt meir aktive på møter når dei vart førelagt ei sak. Det har til tider vore dårleg oppmøte der saker som t.d. feriestenging skulle diskuterast og dei har vore ueinig i vedtaket i ettertid. Personalet meiar også at foreldra kan vera meir aktive.

På den andre sida føler dei og at ein del saker er for overordna og generelle, noko som gjer det vankeleg å involvera seg i. Foreldra kjenner også på at det er vanskeleg å koma med kritikk/innspel i høve til pedagogisk innhald med den grunngevinga at det er eit lite samfunn der alle kjenner alle.

Aktiviteten og engasjementet i foreldreråd og samarbeidsutval viser seg å vere personavhengig.

Bolstad barnehage

Dato: 23.11.09 – 26.11.09



### Kriterium

### **Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.**

(Rammeplan for barnehage 2006 s. 49)

Barna har ikkje alltid ei oppleving av at dei hadde vore med å bestemt. Dei føresette er og usikre på om vedtak vert følgt opp, og dei tilsette synes det er vanskeleg å synleggjere barna si planlegging, særleg den spontane.

Vurderarane ser ikkje at borna direkte er med å planlegg gjennomføring av aktivitetar, til dømes handlelister, kva treng me å ha med på tur og korleis skal me gjennomføra turen.

Rammeplanen seier at barns læring og tilsette sitt arbeid skal synleggjerast, og han seier og at dokumentasjon kan gi foreldre, lokalmiljø og kommune informasjon om barnehagen som læringsarena.

Ved å bruke faguttrykka som tildømes MEDVERKNAD, VURDERING OG REFLEKSJON i dei dokumentasjonsfora ein har, vert alle partar bevisstgjort den planlegging og vurdering som i realiteten vert gjort.





## 10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Bolstadøyri 26.11.09.

Magni Kristiansen

Torunn Pedersen Polden

### Vedlegg 1

#### Observasjon

**Kriterium:** Barnehagen er ein lærande organisasjon.

<b>Teikn på god praksis:</b>	<b>På kva måte:</b>
<i>Personalet har god kjennskap til rammeplanen og barnehagen sine planar.</i>	-
<i>Det er sett av tid til refleksjon og drøfting av barn og føresette sin rett til medverknad.</i>	-
<i>Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet.</i>	-
<i>Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådde resultat.</i>	-
<i>Barnehagen har ein langsiktig kompetansehevingsplan.</i>	-

**Kriterium:** Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Bolstad barnehage  
Dato: 23.11.09 – 26.11.09



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
 Vurderingsgruppa for barnehage

<i>Personalet er medvitne på barn og føresette sin rett til å påverka barnet sin kvardag.</i>	-
<i>Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering.</i>	-
<i>Personalet drøftar barns medverknad og autoriteten til dei vaksne.</i>	-
<i>Personalet tek seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor.</i>	-
<i>Personalet kan overfor føresette gjera greie for barnehagen sin pedagogiske verksemd.</i>	-

**Kriterium:** Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

<i>Føresette vert møtt med respekt</i>	-
<i>Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.</i>	-
<i>Føresette får høve til aktiv deltaking i barnehagekvardagen</i>	-
<i>Føresette får høve til å påverka årsplan og andre plandokument</i>	-
<i>Foreldre er aktive i foreldreråd og samarbeidsutval</i>	-
<i>Det er sett av tid til felles refleksjon og vurdering saman med foreldra</i>	-

**Kriterium:** Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si Verksemd

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

<i>Barna gjer eigne val i kvardagen (aktivitetar, rom og vener)</i>	-
<i>Barna sine verbale, kroppslege og emosjonelle uttrykk vert tekne på alvor</i>	-
<i>Barna deltek i planlegging</i>	-
<i>Barna har synleg påverknad på planar og aktivitetar</i>	-
<i>Barneintervju og barnemøte vert gjennomført regelmessig</i>	-

## Vedlegg 2

### Intervjuguide borna



## Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa for barnehage

### Kriterium:

Barnehagen er ein lærande organisasjon.

#### Teikn på god praksis:

#### På kva måte:

Korleis veit de kva som skal skje i barnehagen?	-
Lærer de noko når de er her? Kva?	-
Syns de at dei vaksne kan mykje?	-
Er det noko dei vaksne ikkje kan?	-

### Kriterium:

Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar

#### Teikn på god praksis:

#### På kva måte:

Høyrer dei vaksne på deko?	-
Får de vera med å bestemma kva de skal gjera på?	-
Kva bestemmer de sjølve? Når bestemmer dei vaksne?	-
Snakkar de om kva som skal skje i barnehagen?	
Får de vera med å bestemma korleis ting skal vera?	-
Spør dei vaksne deko om korleis de har hatt det? Turar, samling, aktivitetar	-
Høyrer de på det dei vaksne seier?	
Kva reglar har de?	-
Har de vore med å bestemt reglane?	-
Kva skjer viss de ikkje høyrer etter når dei vaksne snakkar til deko?	-

### Kriterium:

Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.

#### Teikn på god praksis:

#### På kva måte:

Korleis veit mamma og pappa kva som skal skje i barnehagen?	-
Fortel dei vaksne mamma og pappa om kva du har gjort på i barnehagen?	-



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
 Vurderingsgruppa for barnehage

Er mamma og pappa med i barnehagen nokon gonger?	-
Er mamma og pappa på møte i barnehagen?	-

**Kriterium:**

Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Får du velja kva du skal leika med?	-
Får du velja kven du vil leika med?	-
Får du velja kor du vil leika? rom, ute, inne	-
Får du lov å vera sint?	-
Kva gjer dei vaksne når du er lei deg	-
Barnemøte: Er de ungane med på møte?	-
Barneintervju: Snakkar dei vaksne med deko slik me gjer no?	-

**Vedlegg 3**

**Intervjuguide føresette**

Set opp punkt som de meiner Bolstad barnehage er flink til	❖
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	❖
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	❖

**Kriterium:** Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, intensjonar, meningar og opplevingar

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Er personalet medvitne på barn og føresette sin rett til å påverka barnet sin kvardag?	❖
Tek personalet seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor?	❖
Kan personalet overfor føresette gjera greie for barnehagen sin pedagogiske verksemd?	❖



**Kriterium:** Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Vert føresette møtt med respekt?	❖
Får føresette god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.? Korleis?	❖
Får føresette høve til aktiv deltaking i barnehagekvardagen? Korleis?	❖
Får føresette høve til å påverka årsplan og andre plandokument? Korleis?	❖
Er foreldre aktive i foreldreråd og samarbeidsutval?	❖
Er det sett av tid til felles refleksjon og vurdering saman med foreldra? Når?	❖

**Kriterium:** Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Gjer barna eigne val i kvardagen? (aktivitetar, rom og vener)	❖
Har barna synleg påverknad på planar og aktivitetar? Korleis?	❖

## Vedlegg 4

### Intervjuguide personale

**Kriterium:** Barnehagen er ein lærande organisasjon

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Har personalet god kjennskap til rammeplanen og barnehagen sine planar?	❖
Er det sett av tid til refleksjon og drøfting av barn og føresette sin rett til medverknad? Når?	❖
Gir leiinga (rektor –ped.leiar) fagleg støtte og rettleiing til personalet.? I kva samanhengar?	❖
Vurderer barnehagen jamleg eigen praksis og oppnådde resultat? Når?	❖



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
 Vurderingsgruppa for barnehage

Har barnehagen ein langsiktig kompetansehevingssplan?	❖
-------------------------------------------------------	---

**Kriterium:** Personalet viser respekt for barna og foreldra sine ulike perspektiv, itensjonar, meiningar og opplevingar

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Er personalet medvitne på barn og føresette sin rett til å påverka barnet sin kvardag?	❖
Set personalet av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering?	❖
Drøftar personalet barns medverknad og autoriteten til dei vaksne.? Når?	❖
Tek personalet seg tid til å lytta til føresette sine innspel og tek dei på alvor?	❖
Kan personalet overfor føresette gjera greie for barnehagen sin pedagogiske verksemd?	❖

**Kriterium:** Føresette involverar seg i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald.

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Vert føresette møtt med respekt?	❖
Får føresette god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.? Korleis?	❖
Får føresette høve til aktiv deltaking i barnehagekvardagen? Korleis?	❖
Får føresette høve til å påverka årsplan og andre plandokument? Korleis?	❖
Er foreldre aktive i foreldreråd og samarbeidsutval?	❖
Er det sett av tid til felles refleksjon og vurdering saman med foreldra? Korleis?	❖

**Kriterium:** Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd

**Teikn på god praksis:**

**På kva måte:**

Gjer barna egne val i kvardagen? (aktivitetar, rom og vener)	❖
--------------------------------------------------------------	---



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

Vert barna sine verbale, kroppslege og emosjonelle uttrykk tekne på alvor? Korleis?	❖
Deltek barna i planlegging? Korleis?	❖
Har barna synleg påverknad på planar og aktivitetar? Korleis?	❖
Vert barneintervju og barnemøte gjennomført regelmessig? Korleis?	❖